

5års-jubileum hos Elins Matgleder.

19.11.2017



Det var mykje folk opningsdagen for 5 år sidan.

Det er no 5 år sidan Elins Matgleder vart opna med korpsmusikk av Uskedal musikklag, opplesing av stuntpoet Arne Torget og eit stort publikum. Elins Matgleder har no vore eit aktivum i bygda til glede for mange i desse fem åra, og komande helg vert det stor jubileumsfeiring på Nedre Feet.



Elin Enes styrte butikken saman med dottera Anine. Etter det har det blitt mange timar i bakehuset på dei to.

Det vert lagt opp til feiring i minst 3 dagar, ja, no i førjultida er det så mykje fint og godt der at vi kan vel mest seia at feiringa varer heilt fram til jul. Det offisielle jubileumsprogrammet startar fredag 24.11. Då vert det opning av julesiloen. No har ikkje butikken 'avdeling' i berre ein silo. Husbonden, Geir, er nemleg nett ferdig med innreiinga av den andre siloen til butikk, og denne er klar til opning til jubilèet. Dermed er det to 'silobutikkar'. Elles vert det eit innhaldrikt program der m.a. dei flinke syngedamene i vokalsemblet **Glimrah** kjem og syng fredag. Laurdag kjem Gina Hella Berge-Soldal med dei fine klea **Laga på Holmen**.

Elles ser programmet for dei 3 dagane slik ut:

Fredag:

Kl 10.00: Opning av julesiloen
 Kl 16.00-19.00 Pizzabuffet kr 129,-
 Kl 19.00: Glimrah syng julesongar
 Heile dagen: Skulebollar kun kr 10,-!!!
 Trekning av ein julekalender med 24 flotte gåver på slutten av dagen
 Kl 20 stengjer butikken.

Laurdag:

Kl 10.00: [Gina](#) kjem med klea Laga På Holmen
 Kl 11.00-15.00: Julegraut med mandel kr 75,- pr pers
 Heile dagen: Skulebollar kun kr 10,-!!!

Søndag:

Familiejulabord til jubileumspris 250,- pr pers (barn u 10 år 125,-)
 To bordsete: Bestill bord til kl 14.00 eller til kl 16.00 Tlf: 470 12 125
 Me serverer pinnakjøt med godt tilbehør, riskrem der du kan finna mandelen, frukt, julekjeks og konfekt.
 Flotte premiar.

Det vert heilt sikkert koselege dagar der det er råd å få gjort unna ein god del av julegøvehandelen.
 Julestemning vert det også.



Arne Torget framførte dikt opningsdagen.

Diktet Arne Torget framførte under opninga for 5 år sidan:

Elin Enes er ei flotte jente og heilt unik
 når ho jobbar med mat, ja då føler ho seg rik.
 Ho lagar kunstverk av maten sin
 sjølv ei skjeva laga av Elin er noko du
 får lyst å ramma inn

Eg spår Elins Matgleder gode tie
 for Uskedalen blir det det nye Baronie
 ho lagar mat med glimt i auga og humør
 så kvifor ikkje tinga noko
 du ikkje har smakt på før!

Uskedalen har det beste frå fjell til fjord
 med råvarer til å dekkja det lekraste bord
 du er så kreativ at eg har ikkje ord
 blir det neste lutafisk frå
 Hjønnevåg med sprø svor?

No har du fått det tøffaste mathuset i Noregs land
 som er utforma og bygd med kjærleg hand
 mannen din Geir har vore med å heia
 og sett sitt preg
 han kjeme snart te å bli større enn meg

Gaute Haugland har malt ein flott fasade
som gjer oss forbipasserande stolte og glade
det ligg der bak Kapteinsgarden som eit fata morgana
og er eit smykke med symbolverdi som uskedalegrana

Gratulerer med ein draum som blei sann
med hjelp av familie, vener, ungar og mann
no står det her, klar til matgledeproduksjon
må di gje oss kulinariske
opplevelser og inspirasjon!

Foto, frå opningsdagen: Ola Matti Mathisen
Tekst og nett: Thor Inge Døssland